



Leigeavtale

Utleigar: Lindås kommune

Leigetakar: KnarvikMila (org.nr. 975674614)

- KnarvikMila leigar 80 m² i kommunen sin rubbhall plassert i Knarvik idrettspark.
- For lokalet skal det betalast ei samla leige som utgjer 18 000 kr. pr. år. (1500 kr. pr. månad.) Leigeprisen lønns- og prisjusterast den 01.01 kvart år, første gang 01.01.18. Reguleringa skal skje med 100 % endring i konsumprisindeksen.
- Den årlege leige betalast med kvartalsvis like store betalingar, kroner 4500,- pr. kvartal. Leigen betalast forskotsvis på første arbeidsdag i quart kvartal. Oppstart leige juni 2017.
- Lindås kommune sørger for strøm og enkel oppvarming (minimum frostfritt).
- Leigetakar overtar lokala i den stand dei er pr. 01.06.17.
- Leigeperiode: Lengda av leidgetida er 5 år fra 01. juni 2017, med høve til forlenging. Ingen av partane kan seie opp avtalen i dette tidsrommet. Ved enden av leigeperioden sluttar leigetilhøvet utan oppseiing. Seinast 6 månader før avtalen går ut, skal leigetakaren seie frå om leigeavtalet vert fornya. Ved slutten av leidgetida har leigetakaren rett til å få skrive ny leigekontrakt på inntil 5 år på nye leigevilkår. Krav om å nytte føretrinnsrett må fremjast skriftleg seinast 6 månader før leidgetida går ut.
- Dersom det vert bygd anna lagerbygg innanfor Knarvik Stadion i leidgetida kan begge partar gå ut av leigeavtalet. Lindås kommune må då tilby KnarvikMila ny lagerplass.
- Lindås kommune har rett til å leige ut andre delar av rubbhallen til andre aktørar, så lenge dette ikkje medfører ulempe for KnarvikMila sin aktivitet.
- Manglande betaling av leige er grunnlag for oppseiing av avtalet.
- Leigeavtalet opphører dersom KnarvikMila som organisasjon avviklast.
- Framleige er ikkje tillate.
- Lindås kommune og KnarvikMila delar utvendig port og inngangsdør.
- Lindås kommune skal sørge for at det til ei kvar tid er passasje for truck i senterlinja i hallen, fram til skiljeveggen til KnarvikMila startar.

LEIGETAKARS PLIKTAR:

- KnarvikMila skal ta jobben og kostnaden med å setje opp skiljevegg og dørropning mellom den delen i hallen som KnarvikMila leigar og den delen Lindås kommune skal

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM




nytte. Dette gjeld dei innerste 80 m² i hallen. Dørropninga skal vere tilstrekkeleg stor til at utstyr som skal lagrast enkelt kan transporterast inn. Arbeidet skal vere slutført innan medio juni 2017.

- KnarvikMila får utlevert 2 sett nøklar til inngangsdør. KnarvikMila må sjølv erstatte desse dersom dei går tapt.
- Leigetakar pliktar gjennom sin bruk og sitt vedlikehald av lokala, på beste måte å medvirke til at man vedlikehaldar den standard som lokala og deira omgjevnader har ved dato for overtaking.
- Leigaren pliktar å behandle lokala med tilbørleg aktsomheit, og er erstatningsansvarleg for alle skadar som skuldast ham sjølv, folk i hans teneste, så vel fast tilsette som tilfeldige, til dømes flyttefolk, dugnadsarbeidarar, handverkarar, betjening av varetransport, besökande, eller andre som er gjeve særskilt adgang til lokala.
- Ved fråflytting skal leigetakar levere tilbake lokala i ryddiggjort og reingjort stand.
- KnarvikMila forpliktar seg til å fjerne eksisterande rubbhall for eigen rekning og risiko innan utløpet av september 2017. Dersom hallen ikkje er fjerna innan fristen, kan Lindås kommune utan varsel fjerne hallen for KnarvikMila si rekning.

BRUK AV HALLEN:

- KnarvikMila skal ikkje lagre noko på utsida av rubbhallen eller på andre uteområde i Knarvik Idrettspark, utan etter avtale med Lindås kommune si eigedomsavdeling. KnarvikMila skal heller ikkje lagre noko utanfor avsett område inni hallen.
- Eventuell oppbevaring av brennbart materiale, giftig materiale og andre materialar som medfører risiko, skal føregå i tråd med det til ein kvar tid gjeldande regelverk.
- KnarvikMila skal ikkje bruke eller flytte på utstyr som ikkje tilhører dei.
- I samband med KnarvikMila sin aktivitet, pliktar KnarvikMila å halda seg med forsikring som dekkar eigen aktivitet som kan medføre skade, forsikring som dekkar tilsette og dugnadsarbeidarar i KnarvikMila, samt andre personar KnarvikMila gir tilgang til hallen.

24/5-17 Knarvik
Dato/sted:



Lindås kommune v/ eigedomssjef
THERESE URDAHL BRASETH

6.6.2017 KNAARVIK
Dato/sted:



KnarvikMila v/ daglig leder
EDDIE EBBESVIK